

Oppdragsgjevar: Ålesund kommune
Oppdragsnamn: KRA - Overføringsanlegg
Oppdragsnummer: 637269-04
Utarbeida av: Irene Dyrnes Rokstad
Oppdragsleiar: Anna Hellstrøm
Dato: 18.03.2024
Tilgjenge: Opent

Oppsummering av merknadar til varsel om oppstart

1. Merknadar til varsel om oppstart

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid vart annonsert 10.02.23 på Asplan Viak og kommunens nettsider, i Sulaposten, og berørte myndigheter, grunneigarar og andre interessentar ble informert via brev. Frist for å komme med innspel var satt til 10.04.23. Det kom inn totalt 13 merknadar.

1.1. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), 15.2.23

Automatisk tilbakemelding, da DSB ikkje har kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker. Statsforvaltaren skal følge opp at omsynet til samfunnssikkerheit er tatt hand om i plansaker. Om det er behov for å direkte involvere DSB i plansaka, bes det om at høyringa sendes inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva det ønskes uttale om. Dette gjelder også storulykker for anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.

Kommentar:

Merknaden tas til orientering.

1.2. Møre om Romsdal fylkeskommune, 30.3.23

- Jordvern: Delar av planområdet består av jordbruksareal med stor verdi. Ut i frå nasjonale og regionale mål for jordvern ber vi også om at planomtalen gir ei vurdering av planen sine konsekvensar for jordbruksareal. Tiltrår generelt at desse areala vert regulert til LNFR i planen.
- Samferdsel: vurdere om kryss mellom kommunal veg og fv. 657 er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det vil tolke den eventuelle auka trafikken reguleringsplanen kan medføre. Det må tas stilling til om krysset har behov for

utbetring knyta til ferdsel for mjuke trafikantar. Krysset kan vere noko utfordrande mtp ferdsel for mjuke trafikantar, som i dag må krysse eit køyreareal på ca. 20 meter.

- Automatisk freda kulturminne: Automatisk freda kulturminne (ID 145233) ligg innan planområdet. Desse ligg med omsynssoner i kommuneplanen. Geometri frå kulturminnet og omsynssonene i kommuneplan må leggast inn i reguleringkartet med tilhøyrande føresegns. Førebelts skissert leidningstrasé kjem i konflikt med minne 145233 og omsynssonene jf. kulturminnelova §3 første ledd.
Fylkeskommunen rår kommunen til å endre linjetraseen, då dette er eit område med stor verneverdi. Inngrep i kulturminnet og omsynssone vil gi grunnlag for motsegn. Om ein ikkje finn andre løysingar, er det likevel mogleg å søke dispensasjon etter kulturminnelova §8 gjennom detaljreguleringa.
- Arkeologisk registrering: Vurderer at planområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflata. Det er tidlegare gjort funn i området frå steinalder. Stiller krav om arkeologisk registrering jf. !9 i KML. Registreringa må gjennomførast før den endelige planen kan gjennomførast. Tiltakshavar må dekke utgiftene ved ei slik undersøking, og fylkeskommunen ber om skriftleg aksept på budsjett og bestilling av arkeologisk registrering. Det kan i delar av planområdet vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Angitt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar, og fylkeskommunen tilrår at tiltakshavar sjølv ordnar dette med angitt behov (sjå merknad). Tilsåing og reparasjon av gjerde, vegar og dreneringsgrøfter er tiltakshavar sitt ansvar om ikkje anna er avtalt. Tilrår at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen, då funn kan få innverknad på korleis planen må utformast. Tiltakshavar må sikre nødvendig tilgjenge til dei områdane det gjeld.
- Kulturminne i sjø: Det er sendt ut eiga varsel med krav om marinarkeologiske registreringar. Ber om at ein ventar med å gjennomføre tiltak i vatn til Bergens sjøfartsmuseum har undersøkt området.

Kommentar:

Jordvern: Heile planområdet er avsett til utbygging i gjeldande kommuneplan. Konsekvensar for landbruket er synleggjort i planomtalet. Ny tilkomstveg, pumpestasjon og vegetasjonsskjerm er planlagt på fulldyrka jord. Det er satt krav om matjordplan i føreseggnene.

Samferdsel: Krysset ved fylkesveg 657 burda vært stramma opp, men tiltaka i plana i seg sjølv utløyser ikkje utbetringsbehov i kryssområdet, da tiltaket ikkje medfører trafikkauge eller auke av mjuke trafikantar i området.

Automatisk freda kulturminne: Det er valt å trekke pumpestasjonen vekk frå området ved kulturminne. Planområdet rører derfor ikkje ved dei automatisk freda kulturminna.

Linjetrasé for ny leidning er via sjø rundt Hammarsneset.

Arkeologisk registrering: Det er gjennomført arkeologisk registrering etter krava frå fylkeskommunen, og området er frigitt til utbygging.

Kulturminne i sjø: Området er undersøkt og det er ikkje gjort funn. Sjå vedlagte rapport.

1.3. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 4.4.23

- Naturmangfold: Planområdet er ikkje kartlagt for naturtypar verken på land eller sjø, Statsforvaltaren har derfor ikkje kjennskap til om det er særleg sårbare artar eller naturtypar som kan bli negativt påverka av planane. Lauvskogen nord for avlaupsanlegget synest ut frå AR5 (NIBIO) og flyfoto å vere velutvikla med fleire større tre. Det bør gjerast ei synfaring i området med fagkyndig for registrering av raudlista treslag, slik at ein kan ta naudsynte omsyn til trua og nær trua naturmangfold. Vurdering etter naturmangfaldsloven må gå fram av planomtalen.
- Landbruk: Delar av planområdet omfattar fulldyrka jord. Framgår av varselet at pumpestasjonen skal plasserast nord for dagens reinseanlegg, dette arealet består av lauvskog. Dersom ein ikkje kan unngå nedbygging av dyrka jord, må ein ta vare på matjorda og sørge for etterbruk av jordmassane som kjem landbruket til gode.

Kommentar:

Pumpestasjonen er flytta lengre sør, og kjem ikkje i konflikt med lauvskogen. Vurdering etter naturmangfaldsloven er ivaretatt i planomtale.

Det er satt krav om matjordplan i rekkefølgjeføresegnehene.

1.4. Statens vegvesen, 27.02.24

Ser det som viktig at veganlegget planleggast ut frå dimensjonerande køyretøy etter krava i N100. Elles ingen innspel i denne fasen.

Kommentar:

Merknaden er tatt til etterretning. Veganlegget er dimensjonert for lastebil i tråd med krava i N100.

1.5. Mørenett/Linja, 2.3.23

Mørenett har elektriske anlegg i området som må tas omsyn til ved planlegging av ny bebyggelse. Mørenett har oversendt kart over aktuelle kabler/linjer som må tas omsyn til. Utbygger må ta kontakt i god tid før byggestart for å planlegge strømforsyninga til anlegg og for å avklare om det er kapasitet i nettet.

Kommentar:

Merknaden tas til etterretning. Det er tillate å etablere trafo innanfor område for vassforsyningsanlegg og avløpsanlegg. Tas vidare hand om i prosjekteringsfase.

1.6. NVE, 21.3.23

NVE er nasjonalt sektormynde med motsegnskompetanse innanfor saksområde flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. Viser til aktuelle rettleiarar for frå NVE. Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interessa. Om planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

Kommentar:

Merknaden tas til orientering. Det er utført geotekniske grunnundersøkelser som viser at det er sandjord i området. Det er ikkje fare for skred.

1.7. Kystverket. 6.3.23

Slik planområdet er avgrensa vil ikkje detaljreguleringa få særskilde konsekvensar for tilgrensande statleg farvatn (farlei), Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket skal ivareta i medhald av hamne- og farvasslova. Kystverket har såleis ikkje vesentleg å merke til oppstart av planarbeidet.

Kommentar:

Merknaden tas til orientering.

1.8. Fiskeridirektoratet, 31.3.23

Har vurdert tiltaka i forhold til fiskeri- og akvakulturinteresser, samt marint biologisk mangfald.

- Fiskeriinteresser: Registrert et område for passive reiskap (garn og juks/pilk) i Borgundfjorden, ca. 180 meter fra planområdet, elles ingen andre bruksområda i nærområdet. Det fremgår ikke at det er forhold ved detaljreguleringa som vil komme i konflikt med kartlagte fiskeriinteresser når det gjelder arealbruk.
- Akvakultur: Det er ingen akvakulturlokalteter i sjø i nærområdet til planen.
- Marint biologisk mangfald: Det er registrert et nasjonalt viktig gytefelt for torsk i Borgundfjorden. Gytefeltet er beskrive med mye egg og stor tilbakeholdelse av egg. Alle tiltak i sjø må sjåast i samanheng med gytefeltet, og det må tas omsyn til evt. påverking og/eller negativ effekt på dette. Tiltak i sjø bør ikke skje i gytetida for torsk og den tiden yngelen bunnslår (februar- medio juni). Ved Djupvika er nærmaste registrering av viktig større tareskogforekomst ved Veddholmane, 350 m nordvest for planområdet. Tareskogforekomster og ålegressenger kan være potensielle oppvekst- og beiteområder for torskeyngel og andre arter.
- Konklusjon: Sjødelen av planområdet ligger i et nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Forutsett derfor at det blir tatt omsyn til eventuell påverking tiltak i sjø vil kunne få for dette. For å verne gyteaktiviteten, samt egg og yngel bør man generelt vurdere at tiltak i sjø i dette området ikke setjast i gong i gytetida for torsk og den tida yngelen bunnslår (februar - medio juni). Avbøtande krav for å ivareta gytefeltet, tidelege livsstadier og gytesuksessen totalt sett for torsk på best mogleg måte, anbefalast om nødvendig tatt med i planføresegnene.

Kommentar:

Info om fiskeri, akvakultur og marint biologisk mangfald tas til orientering.

Ved landtaket til nye leidningar må ein grave til 3 meters djupn, og vidare dekke til leidningane. Det vil ikke bli oppvirving av masser anna enn der det skal bli gravgd ved landtaket. Siltgardin kan nyttas om nødvendig. Elles vil nye sjøleidningar bli senka kontrollert, med ei senkehastigkeit på 0,3 meter i sekundet. Det er ikke venta at tiltaket vil ha negativ påverking på gytefeltet med bakgrunn i tiltakets størrelse.

1.9. Mattilsynet, 8.3.23

Har vurdert saka ut frå drikkevassomsyn, fiskeoppdrett, fiskehelse, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmidlar.

Nye avlaupsleidningar og anleggsarbeid må ikkje kome i konflikt med sjøvassleidninga i Djupvika. Fiskeproduksjonsverksemda Jakob og Johan Dybvik AS ligg like vest for tiltaket. Verksemda brukar store mengder sjøvatn i produksjonane til å tine fisk. Sjøvatnet blir reinsa med UV-anlegg som er dimensjonert for den kvaliteten sjøvatnet held i dag. Blir sjøvatnet i nærliken av inntaket påverka av grumset vann som følgje av deponering av masser, legging av rør eller anne, vil det kunne virke negativt på kvaliteten på det produserte sjøvatnet, ved redusert effekt av UV-strålinga. Ved auka partikkelmengde i sjøvatnet vil det stenge for UV-lyset og ein får redusert effekt av UV-strålinga - noko som igjen kan føre til at därleg reinsa vatn påverkar fiskeproduktta. Til dømes kan E.coli bakterien frå eventuelle kloakkutslepp ikkje bli inaktivert når partikkelmengda i vatnet blir for høgt. Sjøvassinntaket til bedrifta ligg om lag 215 meter ut frå land på 32 meters djup. Antar at Olav E Fiskarstrand AS sitt sjøvassinntak lenger vest ikkje kjem i konflikt med denne.

Nye avlaupsleidningar og anleggsarbeid må ikkje kome i konflikt med sjøvassleidninga i Djupvika.

Kommentar:

Ved landtaket til nye leidningar må ein grave til 3 meters djupn, og vidare dekke til leidningane. Det vil ikkje bli oppvirving av masser anna enn der det gravast ved landtaket. Siltgardin kan nyttas om nødvendig. Elles vil nye leidningar bli senka kontrollert, med ei senkehastigkeit på 0,3 meter i sekundet. Kryssing av eksisterande sjøleidning skal unngås.

1.10. Museum Vest, 22.06.23

Museet gjennomførte i 2023 marinarkeologiske undersøkingar som omfatta det aktuelle planområdet. Det ble da ikkje gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14, ved gbnr. 87/183. Plangrensa som omfattar vassareal er elles uendra. Museet har ingen merknader til endringa. Gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet

har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnehene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Kommentar:

Merknaden tas til etterretning.

1.11. Ålesund brannvesen KF, 23.2.23

Viser til sin [veileder om tilrettelegging for redning og slokking](#), og ber om at denne tas omsyn til i det vidare planarbeidet.

Kommentar:

Merknaden tas til etterretning. Det er sett rekkefølgjekrav knyta til etablering av sløkkevatn i føreseggn 5.2 a).

1.12. Bjørn Noralf Dybvik, 28.3.23

Har ikkje planar om utnytting av tomta med gnr/bnr 87/79 no, og har ikkje bedt om at tomta blir med i planen. Viss tomta likevel blir med, vil merknadstillar at den blir innløyst etter takst- taksert av offentleg godkjent takstmann i samråd med grunneigar.

Kommentar:

Tomta er ikkje med i planforslaget.

1.13. Jakob og Johan Dybvik AS, m.fl., 3.4.23

Eigar av bedrifta ved sjøen. Synes det er tryggande at arbeidet ikkje vil ha store utvidingar i areal. Reguleringa vil ha stor betydning for merknadsstillar, mtp. framtidige moglegheiter for ekspansjon og vekst, og elles ut over planlegging eller kvalitet på framtidige bustadområde, og elles for øvrige som har nausttomter i området.


Merknadsstillar har følgande tilbakemeldingar på vegne av firma Jakob & Johan Dybvik AS, med tilhøyrande skisse nederst:

- Leidningstrasé og kummer må leggast utanom opparbeid fylling (A1)
- Viktig at hele anlegget får en estetisk utforming som passer inn i området og gir minst mogleg sjenanse for framtidig bustadbygging.
- Ønsker at eksisterande reinseanlegg nyttes som pumpestasjon slik at det kun blir et bygg. Evt. nytt bygg ønskes plassert nord for dagens reinseanlegg (A2) for å

minimere forringelse av området og visuell forureining for framtidige bustader.

Austleg retning mot planlagt bustadområde må unngås.

- Foreslår at leiningstrasé går der vannleidning og strømkabel i dag kommer inn (A3). Alternativt i trasé mellom eksisterende naust og ubebygde naust (A4).
- Vil at kloakken skal gå med sjøleidning rundt Hammersneset.
- Ønsker å minimere arealbruk øst for dagens reinseanlegg med mål om å gjøre minst mogleg inngrep mot framtidig bustader. Grunneigar er villig til å gje bruksrett til et større område i byggeperioden/anleggsperioden, forutsett at det blir rydda opp etter ferdigstilling.



Kommentar:

Ny sjøleidning vil bli lagt utanom opparbeidd fylling. Det er ikke mulig å nytte eksisterende bygningsmasse for reinseanlegg til ny pumpestasjon. Plassering av ny pumpestasjon er gjort i samarbeid med grunneigar med omsyn til kulturminne og framtidig utvikling av området. Sjøleidning er ikke prosjektert, men det er lagt opp til tre ulike alternativ for trasé. Det er forsøkt å minimere arealinngrep, men er lagt inn mulighet for å etablere vegetasjonsskerm kring pumpestasjonen for å skjerme mot nyt busetnad.

Prinsippskisse for sjøleidning rundt Hammarsneset er vist i kart under. Eksakt plassering av leidningar prosjekterast i byggefase.



2. Merknadar til varsel om justert plangrense

Varsel om justert plangrense ble sendt ut 21.12.23 til alle rørte myndigheter og grunneigarar. Frist for å komme med innspel var satt til 12.02.24. Det kom inn totalt 9 merknadar.

2.1. DSB, 3.01.24

Automatisk tilbakemelding, da DSB ikke har kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker. Statsforvaltaren skal følge opp at omsynet til samfunnssikkerheit er tatt hand om i plansaker. Om det er behov for å direkte involvere DSB i plansaka, bes det om at høyringa sendes inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva det ønskes uttale om. Dette gjelder også storulykker for anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.

Kommentar:

Merknaden tas til orientering.

2.2. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2.2.24

Stiller krav om arkeologisk registrering. Har gjennomført registrering for opphavleg del av planområdet. Vart då gjort funn av nokre spreidde flintavslag. Det vart vurdert at dette var lausfunn som opphavleg har kome frå steinalderbuplass som ligg litt høgare opp., om lag på same høgde som huset på gbnr. 87/92 står i dag. Med utviding av planområdet kjem

ein inn i området med denne høgda over havet kor dei vurderer at det er gode moglegheiter å gjere funn av ukjente automatiske freda kulturminne frå steinalder.

Kulturminne i sjø: Bergens sjøfartsmuseum har ingen merknader til endringa. Gjer merksam på at tiltakshavar er pliktig å melde frå om ein finn marine kulturminne under arbeid i sjøområda.

Kommentar:

Tilleggsregistrering av arkeologi blei utført utan funn. Merknaden tas elles til etterretning.

2.3. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 30.1.24

Strandsone: Det går ein traktorveg frå bustadområdet i aust og gjennom kulturlandskapet til strandsona og naustområdet i Djupvika i vest. Eventuell ny utbygging må ta omsyn til denne ferdelsforbindelsen til sjøen, og sikre at denne også i framtida kan nyttast som turveg og rekreasjon.

Landbruk: Ny planavgrensing inneberer planlegging av meir produktivt jordbruksareal enn det som først var varsle. Rår til at ein i størst mogeleg grad unngår å bygge ned dyrkajord. Dersom ein ikkje kan unngå omdisponering av dyrkajorda, må ein sørge for at jordmassane vert tatt hand om for vidare bruk i landbruket, jamfør fråsegn til varsel om oppstart.

Kommentar:

Ferdelsforbindelsen er sikra som offentleg turdag i planforslaget. Det er stilt krav om matjordplan i føresegnene.

2.4. Statens vegvesen, 4.1.24

Ikkje merknader til foreslått utviding. Viser elles til uttale til varsel om oppstart.

2.5. NVE, 24.01.24

Viser til tidlegare innspel, har ikkje andre innspel for det utvida planområdet.

2.6. Linja AS, 15.2.24

Linja AS har elektriske anlegg i reguleringsområdet som må tas omsyn til ved planlegging av det nye avløpsanlegget, da spesielt 132kV høgspentkabel, 22kV høgspentkabel

markert og lågspent luftlinje. Utbygger må ta kontakt med Linja AS i god tid før byggestart for å planlegge straumforsyning/byggestraum til anlegget, og for å avklare om det er kapasitet i nettet.

Kommentar:

Merknaden tas til etterretning.

2.7. Mattilsynet, 5.1.24

Har ingen merknadar, viser til uttale 10.04.23.

2.8. Museum Vest, 18.1.24

Ingen merknader til endringa. Viser til kulturminnelova.

2.9. Karsten Dybvik, 27.02.24

Bur på eidegom gbnr. 87/97. Ønsker at nytt bygg trekkast så langt mot øst som mogleg. Vil at eksisterande bygg skal nyttas.

Kommentar:

Bygget må plasserast på kote +8 moh. Dagens reinseanlegg er plassert på kote + 4,6 moh. Det er nødvendig med ei viss høgde på den tekniske installasjonen inne i bygget for at pumpestasjonen hydraulisk skal fungere. Terrenget og driftsomsyn gir dermed visse føringar til plasseringa. Tilstrekkeleg overdekning av rørene gir også føringar for høgde på vegen. Pumpestasjonen blir plassert minimum 7 meter fra eigedomsgrensa. Det er satt av areal til vegetasjonsskjerm mellom merknadsstiller eidegom og pumpestasjonen for å skjerme. Sjå oversiktskart og byggegrenser i plankart.